


## Osterøy kommune



### Lonevåg barnehage

Saman om ein god barndom

Rom for alle – blikk for den enkelte

# Innhold

INNLEIING.....	2
VERDIAR.....	2
VISJON .....	3
HALDNINGAR OG RELASJONSKOMPETANSE.....	3
1 – SATSINGSOMRÅDE .....	3
- Kommunikasjon, språk og tekst.....	3
- Berekraftig utvikling og friluftsliv.....	4
- Livsmestring og helse.....	4
- mengd, rom, form.....	4
2 – DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING.....	5
- Danning.....	5
- omsorg .....	5
- leik .....	6
- læring.....	6
3 – MEDVERKNAD.....	7
4 – DEI 7 FAGOMRÅDA .....	7
- kommunikasjon, språk og tekst.....	8
- kropp, rørsle, mat og helse.....	8
- kunst, kultur og kreativitet.....	8
- Natur, miljø og teknologi.....	8
- Mengd, rom og form.....	8
- Etikk, religion og filosofi .....	8
- Nærmiljø og samfunn.....	8
5 – KULTUR OG TRADISJONAR I BARNEHAGEN .....	9
6 – SAMARBEID MED HEIMEN .....	10
7 – OVERGANGAR.. .....	11
8- PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING .....	12

## INNLEIING

Lonevåg barnehage er ein kommunal barnehage med 6 avdelingar. Barnehagen har 1 avdeling med førskuleborn, 2 avdelingar med barn frå 3-5 år og 3 avdelingar med barn frå 1-3 år

Lonevåg barnehage si verksemd byggjer på Lov om Barnehagar og Rammeplan for barnehagen. I tillegg har Osterøy kommune utarbeida ein kvalitetsplan for Osterøybarnehagane som gir retning for arbeidet vårt.

Denne årsplanen er Lonevåg barnehage sin arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

Den er todelt med ein felles del for heile barnehagen og ein del som er særmerkt for kvar avdeling. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet og den skal reviderast kvart år.

Me har også ein progresjonsplan for fagområda i rammeplanen som set føring for arbeidet på avdelingane.

Det vil på kvar avdeling koma ut vekeplanar på Vigilo med plan for kommande veker. Her vil innhaldet vera meir konkret.

Årsplanen skal vurderast våren 2021



## VERDIAR

Personalet skal arbeida etter verdigrunnlaget som er nedfelt i § 1 i barnehagelova og kapittel 1 i Rammeplanen. Osterøy kommune og Lonevåg barnehage har i tillegg vedtatt visjonar som også vil vera styrande for arbeidet vårt.

## VISJON

Osterøybarnehagane sin visjon er: **SAMAN OM EIN GOD BARNDOM**

Ein god barndom er viktig for heile livet og barnehagen skal gi kvart enkelt barn høve til å utvikla seg i glede og trivsel slik at det kan oppleve livsmestring, god helse og utvikling.

I tillegg har Lonevåg barnehage ein visjon om å vera ein barnehage som har:

### **ROM FOR ALLE - BLIKK FOR DEN ENKELTE.**

- Me har ein positiv haldning til at me alle er ulike
- Me har som mål å sjå kvar enkelt og kva behov den enkelte har
- Me ynskjer å byggja eit godt fellesskap

## HALDNINGAR OG RELASJONSKOMPETANSE

Personalet i Lonevåg barnehage skal ha ein positiv grunnhaldning til alle born. Me legg stor vekt på å skape gode relasjonar til borna og kollegaer. Slik kan me hjelpe borna å byggje gode relasjonar til kvarandre.

Me respekterer borna sine val av relasjonar til vaksne. Me snakkar med borna om kjensler på ein anerkjennande måte og oppmuntrar og rosar born som uttrykkjer omsorgsfulle relasjonar til andre barn eller vaksne.

Me er rollemodeller for borna. Våre handlingar og måten me møter borna på og legg til rette kvardagen er viktig for borna sine opplevingar og læring av verdiar. Dette krev eit bevisst og kompetent personale. Forsking viser at ein av dei viktigaste faktorane som pregar eit barnehagetilbod med høg kvalitet er at personalet klarar å dele fokus med borna. At den vaksne forstår kva barnet prøver å fortelje og klarar å stille gode opne spørsmål som gir barnet høve til å finne ut meir om verda rundt seg.

<https://laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage/organisasjonsutvikling/kvalitet/>

## 1. SATSINGSOMRÅDE

### KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

*Mål: styrka den språklege kompetansen til borna*

Å kommunisera godt med andre menneske er ei viktig evne som borna utviklar i fellesskap med andre menneske. I barnehagen skal me ha eit godt språkmiljø for alle born uavhengig av om dei har norsk som fyrste eller andre språk.

---

Ein av metodane er å bruke *språkløyper* som er eit nettbasert opplegg med kompetanseutviklingspakker for personalet.

Meir informasjon på [www.sprakloyper.uis.no](http://www.sprakloyper.uis.no)

Lonevåg barnehage har også ein eigen handlingsplan for språkarbeidet i vår barnehage. Dei gode samtalanane mellom borna og personalet er svært viktige for både trivsel, språklæring og kvalitet i Lonevåg barnehage.

## BEREKRAFTIG UTVIKLING OG FRILUFTSLIV

*Mål: borna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadane og naturen.*

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget til rammeplanen for barnehagen. Lonevåg barnehage skal leggje grunnlag for borna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Dei skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen.

Me skal:

- Lage miljørutine i Lonevåg barnehage: Me sorterer avfallet vårt, brukar så lite eingangartiklar som mogeleg og tar med oss avfall me finn langs vegen når me er på tur. Me har fokus på gjenbruk når me lagar ting saman med borna og tar vare på leikar og utstyr me har.
- Ha faste utedagar. Me skal setje opp ein lavvo i Kråkedalen som vil verte mykje brukt og me vil ha fokus på endringar som skjer i naturen i løpet av eit år.

## LIVSMESTRING OG HELSE

*Mål: Ein trygg og helsefremjande barnehagedag for alle born*

For å nå målet om god fysisk og psykisk helse for alle barn i barnehagen må Lonevåg barnehage

- Ha kompetente tilsette som ser borna og deira behov og la dei få medverke i kvardagen
- Vere særleg merksam på om born vert utsette for krenkingar og mobbing og setje i verk tiltak dersom dette skjer
- Ha ein dagsrytme som tar omsyn til borna sine behov for ro og kvile
- Tilby sunne og gode måltid 3 gonger pr dag

## MENGD, ROM OG FORM

Dette året vil me byrje på eit prosjekt i fagområdet mengd, rom og form i samarbeid med Nila-lærerhøgskolen.

Me ynskjer å auke kompetansen vår på dette fagområdet og vil lage ei prosjektgruppe som vil utarbeide ein plan for vidare arbeid med prosjektet. Mål og innhald i prosjektet vil stå i planen.

---

## 2. DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING

### DANNING:

Danning skjer gjennom refleksjon og samhandling.

Born og vaksne tileignar seg og erfarer verdiar, normer og reglar gjennom erfaring med å vera ein del av eit fellesskap og eit samfunn. Danning skjer gjennom refleksjon rundt dette saman med andre menneske.

Lonevåg barnehage vil inkludere alle i fellesskapen og leggje til rette for refleksjon i formelle og uformelle møte i løpet av ein dag. Me vil ha rom for alle og blick for den enkelte.

Det er viktig at borna lærer å hjelpe kvarandre, er høflege og oppfører seg fint saman med andre born og vaksne. At dei ser at me alle er ulike, men har lik verdi, at personalet er tydelege i møte med borna og at våre forventningane til dei kjem klart fram. Borna må få oppleve at dei klarar å takle utfordringar og motstand, ikkje gi opp. Det er viktig at me alle er hjelpsame og venlege mot kvarandre.

### OMSORG

Eit kompetent personale er alt å sei for at kvaliteten på barnehagen skal vere god. I Lonevåg barnehage skal alle borna verta sett og forstått kvar dag. Dei skal møtast med eit smil og få ein god velkomst slik at starten på dagen vert god. Tydelege, varme tilsette som set grenser på ein god måte har mykje å sei for at borna skal kjenne seg trygge. Me må ha gode rutinar slik at tryggleiken vert ivaretatt og leiken skjerma.



**LEGG DI HAND I MI HAND,  
SÅ ER VI STERKE SAMAN.  
SÅ ER VI SVAKE SAMAN.  
SÅ ER VI SAMAN**



## LEIK

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.» (Rammeplanen kap. 3, side 20)

I Lonevåg barnehage verdset me høgt den frie leiken som borna får styre sjølv. For at leiken skal få gode vilkår er det viktig at:

- Det er sett av nok tid til leik
- At personalet er til stades og kan støtte borna i leiken når det er trong for det.

Personalet kan vera deltakande eller meir passive. Borna er ulike, nokon vil og kan leike i fred, andre treng meir støtte.

Det er viktig at personalet i barnehagen har evne til å setje i gang gode leikeaktivitetar og gi borna nye innspel i leiken dersom det er naudsynt. God leik er lystbetont og gir borna glede og trivsel. Gjennom leik kan borna få sosial kompetanse, dei lærer å respektere andre sine grenser og meiningar, og akseptere at det er ulikskapar. Den gode leiken skjer både inne og ute. ....

Alle som arbeider i Lonevåg barnehage vil alltid vera rollemodellar for borna. Det gjeld korleis me er mot kvarandre og det gjeld korleis me behandlar gutar/jenter, store/små. Dette må me vera medvitne om og snakka om slik at me ikkje diskriminerer nokon.

«Leken er nødvendig

i et

menneskes liv.»

Thomas Aquinas 1225-1274



## LÆRING

Vårt læringsssyn er at førskuleborn lærer best gjennom leik. Difor vil me gje tid og rom til leiken samstundes som me skal støtte born som er nyfikne og ynskjer å lære meir. Det er viktig at borna opplever mestring og støttande vaksne som gir dei nye erfaringar. Gjennom forteljingar, bøker, digitale verktøy og ulike eksperiment kan me skape undring og kunnskap om korleis få ny kunnskap. Born som er rike på positive erfaringar er betre rusta for læring, born som får vere i aktivitet og bruke kroppen sin ute lærer betre, born som kan byggje venskap lærer betre.

Hvis et barn lever med kritikk lærer det å fordømme.  
Hvis et barn lever med fiendskap, lærer det å slåss.  
Hvis et barn lever med spott, lærer det å bli sky.  
et barn lever med skam, lærer det å føle skyld.  
Hvis et barn lever med toleranse, lærer det å bli tålmodig.  
Hvis et barn lever med oppmuntring, lærer det tillit.  
Hvis et barn lever med lovord, lærer det å verdsette.  
Hvis et barn lever med ærlighet, lærer det å bli rettferdig.  
Hvis et barn lever med trygghet, lærer det å tro.  
Hvis et barn lever med anerkjennelse, lærer det å like seg selv.  
Hvis et barn lever med bifall og vennskap, lærer det å finne kjærlighet i verden.  
*Dorothy Law Nolte*

### 3. MEDVERKNAD

Personalet i Lonevåg barnehage vil gjennom å ta born på alvor og vere nærverande og lyttande vaksne gi borna medverknad på kvardagen sin for å skape trivsel og tryggleik. Me skal:

- Sjå kvart einskild barn og tolke det dei gir uttrykk for på rett måte.
- Samtala om det som skal skje, det som skjer og det som har skjedd slik at borna få oversikt og kontroll over dagen.
- Vere interesserte i borna og kva dei formidlar til oss, dele deira fokus.
- Snakke med borna, ikkje berre til dei.

Kor omfattande medverknaden skal vera er avhengig av alder og modning. Alle 5 åringane vert inviterte til barnesamtalar. Det er naturleg at dei eldste påverkar innhaldet i barnehagen meir enn dei aller yngste. Jfr. Kap. 4 i Rammeplanen. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barns-medvirkning/>

### 4. DEI 7 FAGOMRÅDA

Lonevåg barnehage ynskjer å ta det borna er opptekne av på alvor. Me vil ta utgangspunkt i borna sine interesser og initiativ, og lage meir detaljerte metodeplanar i løpet av året.

Rammeplanen kap 9, s. 47 deler barnehagen sitt innhald i sju fagområde for å letta planlegging av eit variert og allsidig pedagogisk tilbod. Dei ulike fagområda skal dekkja eit vidt læringsfelt, og fleire fagområde vil også vere representert samstundes i den daglege aktiviteten til barnehagen. Me tilrettelegg lærestoff, arbeidsmåtar, utstyr og organisering med tanke på borna sine ulike behov, alder, interesser, barnegruppa si samansetnad og andre føresetnader slik at det vert ein god progresjon i tilbodet. Me jobbar med fagområda i både formelle og uformelle læresituasjonar og gjennom prosjektarbeid. Det som er viktig for 1-2 åringen, kan vera mindre viktig for 5-6 åringen, og omvendt. Lonevåg barnehage har ein eigen progresjonsplan for rammeplanen sine fagområde. Alt me gjer skal gi glede og gode opplevingar.



**DEI 7 FAGOMRÅDA ER:****• Kommunikasjon, språk og tekst**

Lonevåg barnehage vil ha eit sterkt fokus på språk, tekst og kommunikasjon gjennom at me dagleg les for born, syng for og saman med dei, at me fabulerer og diktar og leikar med språket. Me har fleire minoritetsspråklege born som gjer at me må ha ei medvite forhold til omgrepsutvikling og språklæring. Me vil også bruke *språkløyper* som inspirasjon i dette arbeidet.

**• Kropp, rørsle, mat og helse**

Lonevåg barnehage vil leggja opp til ein dagsrytme som tar omsyn til borna sine behov for veksling mellom aktivitet og kvile. Me legg vekt på eit sunt kosthald med så lite sukker som mogeleg og me er ute kvar dag og på tur i skog og mark jamleg.

**• Kunst, kultur og kreativitet**

Lonevåg barnehage lar borna utforska og utfalda seg med ulike materiale slik at dei kan bruka sin kreativitet. Me tar borna med på ulike arrangement på biblioteket og på Osterøy museum, og me samarbeider med kulturskulen.

**• Natur, miljø og teknologi**

Lonevåg barnehage brukar nærmiljøet til turar kvar veke. Borna får oppleva skiftande årstider og all slags vær. Undring over det dei ser, luktar, høyrer og opplever er viktige delar av både turar og livet i barnehagen elles. Personalet skal også ta initiativ til og fylgja initiativ frå borna til ulike eksperiment, inne og ute, og me skal bruke ulike digitale verktøy saman med borna.

**• Mengd, rom og form**

I Lonevåg barnehage skal personalet nytta matematiske omgrep som sirkel, kvadrat, rektangel m.m. Personalet skal gi borna leikeprega opplevingar med mengde, teljing, måling og romkjensle. Personalet skal nytta både planlagde og spontane situasjonar inne og ute.

**• Etikk, religion og filosofi**

Lonevåg barnehage legg vekt på at borna skal tileigne seg det som vert kalla grunnleggjande folkeskikk og vite kva som vert forventet av dei. Me vil leggje opp til refleksjon over reglar og normer i samfunnet og korleis me skal vere mot kvarandre for at alle i samfunnet skal trivast og ha det godt. Me markerer dei vanlege høgtidene og merkedagane som samfunnet rundt oss markerer.

**• Nærmiljø og samfunn**

Me brukar nærmiljøet vårt til turar, når me deltek på arrangement i regi av bibliotek, musikkskule, museum eller andre og me besøker t.d rådhuset og Solplassen. Me brukar idrettsanlegget og me har kvart år elevar frå ungdomsskule og vidaregåande skule som er her i kortare eller lengre periodar.

---

## 5. KULTUR OG TRADISJONAR I BARNEHAGEN

### September

- **Brannvernveke veke 38:** Me høyrer på brannalarmen , øver på brannrutinar og har fokus på å gjera borna trygge i desse situasjonane. Veka vert avslutta med besøk frå brannbilen. Alt dette kjem det meir detaljar om i månadsplanen.
- **Foreldremøte** på kvar avdeling **18. september**

### November

- **Juleverkstad:** Dei store borna samlast på tvers av avdelingane og byrjar på julegåvene. (må kanskje gjerast på ein annan måte i år grunna Covid19)

### Desember

- **Advent:** Kvar avdeling markerer advent tilpassa aldersgruppa og me tenner julelys ute.
- **Bakedagar** på avdelingane
- **Lucia-markering:** Kvar avdeling markerer luciadagen tilpassa aldersgruppa
- **Nissefest:** Me samlast til lystenning, julesongar, dramatisering av juleevangeliet, og kanskje kjem nissen. Julegraut på avdelingane. (må kanskje gjerast på ein annan måte i år grunna Covid19)

### Mars

- **Temafest:** fest der avdelingane stiller med litt program. Me pyntar oss til fest og har festmåltid på avdelingane. (må kanskje gjerast på ein annan måte i år grunna Covid19)
- **Solidaritetsarbeid.** Me set fokus på born i andre delar av verda der me nyttar eit opplegg frå *Sos barnebyer* som heiter «Solsikkebarna»

### April

- **Påskeforming:** Me samlast i Brakastova og lagar påskepynt (må kanskje gjerast på ein annan måte i år grunna Covid19)
- **Påskefrukost:** For foreldre og born fredag før palmesøndag, **26.03.21**

### Mai

- 12. Mai øver me på **17. Mai-tog** rundt barnehagen

### Juni

- **Avslutningsfest for førskuleborna** der foreldra vert invitert.
- **Sumarfest** for foreldre, søsken og borna i barnehagen. Det er foreldrerådet som arrangerer dette på ettermiddagstid.

**Gebursdagsfeiring:** Borna sin gebursdag vert markert i barnehagen. Dei får gebursdagskrune og gebursdagssongar. Kvar avdeling har si eiga måte å markere dagen på. Det er stor stas å vera bursdagsbarn i Lonevåg barnehage!

Foreldre skal ikkje å ta med noko til gebursdagsfeiringa i barnehagen ☺

Me ynskjer ikkje invitasjonar til gebursdagsbesøk heime i hyllene i barnehagen.

I tillegg til dette vil avdelingane invitere til **foreldrekaffi og / eller besteforeldredag** i løpet av året. (kan kanskje ikkje gjennomførast i år grunna Covid19)

## 6. SAMARBEID MED HEIMEN

Lov om barnehagar § 1 seier at barnehagen skal: *”i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.”*

Samarbeid mellom foreldre/føresette og personalet er ein viktig del av arbeidet i barnehagen. Det er ein føresetnad for at barnehagen skal kunna byggja si verksemd på borns individuelle erfaring og utvikling. God kontakt og gjensidig informasjon er ein føresetnad for å skapa tryggleik for born og foreldre. Jfr. Kap 5 i Rammeplanen.

### DAGLEG KONTAKT

Den daglege kontakten når borna kjem i barnehagen og vert henta er den viktigaste kontaktforma. Her utvekslar me beskjeder og anna viktig informasjon. Når barnet vert henta fortel me litt om korleis dagen har vore. Mykje av beskjedar og informasjon vert også formidla gjennom Vigilo som er eit kommunikasjonsverktøy som alle foreldre i barnehagen får tilgang til.

### FORELDRESAMTALAR

For born/foreldre som er heilt nye i barnehagen, eller har bytta avdeling, har me tilbod om **oppstartssamtale**. Her utvekslar me gjensidig informasjon som kan vere viktig for at barnet skal få ein best mulig start i barnehagen.

Elles vert det i løpet av året **to foreldresamtalar** der me utvekslar informasjon og samtalar om korleis me best kan samarbeida om barnets trivsel og utvikling. Er det trong for møte utanom dette er det berre å gje beskjed så ordnar me det.

### FORELDREMØTE

Det vert **eit haust- og eit vår foreldremøte**. Foreldremøte om hausten vert eit informasjonsmøte på kvar avdeling. Det skal også veljast foreldrerepresentantar til barnehagen sitt samarbeidsutval. Foreldremøtet om våren vil vera felles for heile barnehagen og ha eit tema. I juni er det foreldremøte for dei foreldra som har barn som skal byrja i barnehagen til hausten.

### FORELDRERÅD

Foreldrerådet er alle foreldra / føresette i barnehagen.

Foreldra vel to representantar frå kvar avdeling som skal sitja i foreldrerådet sitt arbeidsutval. Av desse 12 vert det valt to representantar som sit i samarbeidsutvalet.

### SAMARBEIDSUTVAL

Består av to foreldre/føresette, to tilsette i barnehagen og ein representant frå kommunen. styrar kallar inn og skriv referat frå møta.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som skal fastsetja årsplanen og ta opp saker som er viktige for barnehagen.

### PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagen har 6 planleggingsdagar i løpet av året. Desse dagane brukar personalet til å planleggje og vurdere arbeidet i barnehagen i tillegg til fagleg oppdatering.

Desse dagane er: **10. og 11. august og 6. november 2020, 4. januar, 5. februar og 14.mai 2021**

## 7. OVERGANG

### NÅR BARNET BYRJAR I BARNEHAGE

I Lonevåg barnehage legg me vekt på at barnehagestarten skal verte så trygg og god som mogeleg for både born og foreldre.

Foreldra vert informert på foreldremøtet i Juni om kor viktig det er for barnet med god tid til tilknytning, kva som er deira oppgåver desse dagane og våre forventningar til dei.

Personalet skal vera oppdatert på kva som er viktig for god tilknytning, kva som er viktig for at starten i barnehagen skal bli best mogeleg og kva som er forventa av ein primærkontakt.

- Alle born og foreldre skal få tilbod om minst ein besøksdag før ferien. Dei vert også oppfordra til å koma og leika i barnehagen på fritida, eller koma innom når me er her.
- Foreldremøte med nye foreldre i juni
- Alle born skal få tildelt ein primærkontakt, namnet skal vera kjent seinast på besøksdagen
- Dato for oppstart vert bestemt på foreldremøte eller besøksdagen
- Me legg opp til så lang tilvenningsperiode som barnet treng, minimum 3 dagar

### OVERGANGAR I BARNEHAGEN

Også det å skifte avdeling i barnehagen kan vere ein spanande overgang for mange born. Me ynskjer at det skal verte ei trygg og god oppleving og brukar god tid på dette.

- Alle born får tilbod om minst ein besøksdag for veka i mai og juni kvart år.
- Før besøksdagane startar får foreldra skriftleg informasjon om kva avdeling borna deira skal gå på frå hausten
- Me tilbyr samtalar i samband med overgang til ny avdeling for foreldre som ynskjer det. (dette må tilpassast Covid 19 situasjonen til våren)

### OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE:

*"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordninga.» (Rammplanen kap 6, s. 33)*

Me vil fyrst og fremst samarbeide med Lonevåg skule sidan det er den skulen dei fleste borna skal byrje på. Men me opprettar også kontakt med dei andre skulane som er aktuelle. Skulane vil få informasjon om kva borna har jobba med i barnehagen og særleg kva Rognebærgruppa har jobba med.

Dei siste åra har me vore invitert til å vera ilag med 1. klasse nokre dagar i april / mai.



Me går vegen frå barnehagen til skulen ein del, sidan dette for mange er ein del av skulevegen. Me nyttar også leikeplassen til

skulen i feriar og på fridagar slik at borna vert litt kjende og trygge med uteområdet der.

Lærer(ar) vitjar barnehagen for å verta kjend med gruppa, og er med borna i leik og aktivitetar. Dersom foreldra ynskjer det, kan me utveksla informasjon om enkeltbarn til skulen/lærer.

I mai/juni vert born og foreldre inviterte på førskuledagar på skulen. Dette er i skulen sin regi.

Me vil leggje til rette for at borna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte og at me samstundes skaper glede og forventning til å starta på skulen.  
(dette må tilpassast Covid 19 situasjonen til våren)

## 8. PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING

Lonevåg Barnehage er ei pedagogisk verksemd som skal planleggja, dokumentera og vurdera det arbeidet som vert gjort. Me ynskjer å vera ein lærande organisasjon som heile tida er i utvikling.

### PLANLEGGING

Personalet i samarbeid med foreldra utarbeidar kvart år ein årsplan som legg grunnlaget for arbeidet som vert gjort i barnehagen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet.

Årsplanen tar utgangspunkt i det me ser borna i barnehagen har behov for, og er opptekne av, det foreldra ynskjer me skal arbeide med og det som er nedfelt i lover og forskrifter.

Årsplanen er så utgangspunkt for kvar avdeling sin metodeplan for kvart tema dei arbeider med. I tillegg vil vert det laga vekeplan som viser meir detaljert kva som skal skje på avdelinga den veka.

### DOKUMENTASJON

Me dokumenterer arbeidet og aktivitetane våre gjennom

- Bilde og tekst på ein medviten og gjennomtenkt måte knytt opp til rammeplanen
- Praksisforteljingar, med bakgrunn i etisk refleksjon
- Vekeplanar og evaluering av desse
- Dagleg kontakt med foreldre

### VURDERING

Arbeidet vårt skal vurderast av personalet kvar månad på avdelinga. Dersom me jobbar med prosjekt over lengre tid skal dette vurderast når prosjektet er avslutta. Me vil også i fellesskap på personalmøte / planleggingsdag vurdera kvart halvår.

Det er utarbeida eit eige vurderingsskjema som skal brukast